



Oddvar Magne Hopsdal  
Vassbygdvegen 771  
5912 SEIM

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/1715 - 18/31719

Saksbehandlar:  
Ingrid Bjørge Pedersen  
Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:  
11.12.2018

## Utsleppsløyve - gbnr 180/19 Leivestad søndre

### Administrativt vedtak. Saknr:

**Tiltakshavar:** Oddvar Magne Hopsdal  
**Ansvarleg søker:**  
**Type utslepp :** Sanitært avløpsvatn med utslepp mindre enn 50 pe  
**Søknadstype:** Forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 12-5

### SAKSUTGREIING:

Tiltak

Saka gjeld søknaden om utsleppsløyve for gnr. 180 bnr. 19. Storleiken til utsleppet er opplyst til 5 pe.

Det vert elles vist til søknad mottatt 20.02.2018.

### Plassering

Plassering og utsleppsstad er vist i kart i målestokk 1:5000 eller større datert 31.05.2018, jf. forureiningsforskrifta § 12-14 nr 1 d.

### Reinsekraft

Eigedomen ligg i eit område der det er krav til kjemisk/biologisk reinseanlegg etter forureiningsforskrifta kapittel 12.

### Nabovarsel

Partar og andre som vert råka av utsleppet er varsla og er gjeve høve til å uttale seg innan fire veker frå varsel er sendt, jf. forureiningsforskrifta § 12-4 nr 2.



Det har ikkje komen merknader til søknaden

### **Uttale**

Det er i frå Teknisk drift hos kommunen gjeve slik uttale den 15.06.2018:

*«Dette er i nordre del av Storavatn, som har avrenning mot treskallen/ Kjeggjavatn. Nytt hus skal ha minirensanlegg, det er vi einige i. Kan vel gjerne opfordre eigar til å vurdere om hus nr. 2 på bruket også burde vert tilknytt nytt minirensanlegg, dette ville vera fornuftig, sett frå vår side. Elles skal vel minirensanlegg ha avrenning til bekk med heilårs vannføring, eventuelt uv og Etterpolering»*

### **Privatrettslege tilhøve**

Anlegget skal plasserast på tiltakshavar si eigedom og er ikkje avhengig av privatrettslege løyve.

### **Plassering**

Plassering av anlegg og leidningsnett kan etter kommunen sin vurdering godkjennast i samsvar med kart datert 31.05.2018.

### **Reinsekrav**

Søknad om utsleppsløyve kan etter kommunen sin vurdering godkjennast slik den ligg føre med krav til Biovac Minirensanlegg NS-EN 12566-3.

### **Drift og vedlikehald**

Det er eit vilkår for utsleppsløyvet at anleggseigar inngår serviceavtale for drift og vedlikehald av anlegget, jf. forureiningsforskrifta § 12-14 nr 1 c. Ei slik avtale ligg føre i søknaden.

### **Godkjenning etter andre lovverk**

Før arbeidet med etablering av anlegget kan setjast i verk må det søkjast om løyve til tiltak etter plan- og bygningslova.

VEDTAK:

**Med heimel i forureiningslova § 11, forureiningsforskrifta §§ 12-3 og 12-5 vert det gjeve utsleppsløyve for utslepp frå Biovac minirensanlegg NS-EN 12566-3 på følgjande vilkår:**

1. Anlegget og leidningar knytt til anlegget skal plasserast i samsvar med situasjonskart datert 31.05.2018.
2. Det vert sett krav til etterpolering for dette anlegget. Dokumentasjon for etablering av dette skal ligge føre seinast ved søknad om ferdigattes/mellombels bruksløyve
3. Det skal leggest til rette for UV-filter på anlegget. Det må sendast inn dokumentasjon på dette til kommunen seinast ved søknad om mellombels bruksløyve/ferdigattest.

## **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

## **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

## **Ansvar**

*Anleggseigar er ansvarleg for at alt arbeid følgjer føresegner gjeve i eller i medhald av forureiningslova og plan- og bygningslova. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter forureiningslova inneberer ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve.*

## **Bortfall av løyve**

*Er arbeidet med etablering av avløpsanlegget ikkje sett i verk innan tre år etter at løyve er gitt, eller innstillast arbeidet i lengre tid enn to år, faller retten til å etablere utsleppet bort. Om utslepp framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn, jf. forureiningsforskrifta § 12-5, fjerde ledd.*

## **Ferdigstilling**

*Når arbeidet med etablering av avløpsanlegget er ferdigstilt skal den ansvarlege for arbeidet skriftleg melde i frå til kommunen at anlegget er etablert og arbeidet utført i samsvar med dette løyvet. Samstundes skal det senast inn stadfesting for montering frå det føretaket som har levert anlegget, og serviceavtale for drift og vedlikehald.*

*Plassering av anlegg, samt leidningsanlegg med kummar, knekkpunkt og utsleppspunkt skal innmålast og koordinatar skal sendast kommunen, seinast ved førespurnad om mellombels bruksløyve/ferdigattest.*

*Anlegget eller nokon del av det kan ikkje takast i bruk før det ligg føre mellombels bruksløyve eller ferdigattest etter plan- og bygningslova.*

## **Tilsyn, endring og opphøyr av løyvet**

*Kommunen er forureiningsstyresmak og fører tilsyn med at føresegner, lovverk og vedtak fatta i tråd med forureiningsforskrifta kapittel 12 vert følgd. Forureiningsstyresmakta har rett og plikt til å utføra tilsyn med avlaupsanlegga. Tilsynet vil kunna omfatta kontroll av anlegg si yting/funksjon og kontroll av kvalitet på utført sørvis og vedlikehald. Eigar av anlegget må dekke kostnad knytt til tilsyn og kontroll, jf. forureiningslova kap.7.*

*Om utsleppet fører til uventa forureiningsproblem, kan forureiningsstyresmakta oppheve eller endre vilkåra i utsleppsløyvet, sette nye vilkår og om naudsynt kalle tilbake løyvet i samsvar med forureiningslova § 18, jf. forureiningsforskrifta § 12-14.*

### **Klage over gebyr**

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngeven.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 18/1715

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Kopi til:**

Hindenes Hus AS

Postboks 3

5991

OSTEREIDET

### **Mottakarar:**

Oddvar Magne Hopsdal

Vassbygdvegen  
771

5912

SEIM